

Lov for Bedehuset Salem, Moster Indremisjon

§1 – Organisering

Moster Indremisjon org.nr.991 712 151 eig bedehuset Salem, Moster

Moster Indremisjon er ei frittstående foreining, tilslutta Indremisjonssamskipnaden.

§2 – Føremål

Bedehuset skal brukast til all kristen verksemd, forkynning og opplæring som er i samsvar med Guds ord og den evangelisk-lutherske vedkjenning.

Alle organisasjonar og lag som arbeider innafor ramma av denne paragrafen har rett til å bruka huset.

Moster indremisjon har hovudansvar for å oppretthalda eit kontinuerleg arbeid på huset.

§ - 3 Om bruken av huset

Når det ikkje kjem i vegen for bruken av huset etter § 1 og § 2, kan huset utleigast og nyttast til møte eller tilstellingar med allmennyttige føremål.

Styret har ansvar for å sjå til at slike møter/tilstellingar ikkje kjem i strid med Guds Ord.

All bruk av rusmiddel er forbudt på bedehusets eigedom.

Styret skal utarbeida utleige- og utlånsreglar som skal godkjennast av årsmøte.

§ - 4 Medlemskap

Medlemmer kan alle bli som er vedkjennande kristen og går inn for føremålet i § 2 og betalar medlemskontingenten årsmøte fastset. Stemmerett har alle som er over 15 år

Medlemmene må vera lojale mot den evangelisk –lutherske vedkjenninga.

§ - 5 Styret

Styret har seks medlemmer og tre varamedlemmer, som må vera vedkjennande kristne, og fylte 18 år.

Styret er vedtaksføre når minst halvparten av medlemmene er tilstades. Styremedlemmene er valde for 2 år, varamedlemmene for 1 år. Styret vel seg imellom nestformann, sekretær og kasserar for 1 år om gongen. Styret kan finna kasserar utanom styret dersom dei finn dette naudsynt.

Vert det i ei sak stemmelikheit har formannen dobbelstemme.

Styret har ansvar for følgjande:

- Utarbeida ordens- og utleigereglar for bruk av huset som skal leggjast fram for årsmøte til godkjenning.
- At huset vert brukt i samsvar med dei lover og reglar som gjeld
- Leggja fram årsmelding, rekneskap og budsjett for årsmøte
- Bedehuset sin økonomi, forsvarleg reinhald og vedlikehald
- At huset er tilstrekkeleg forsikra
- Hovudansvar for verksemda og eit kontinuerleg forsamlingsarbeid
- Framlegg frå medlemmer skal vera sendt styret innan 31.12 året før ordinært årsmøte

§ - 6 Årsmøte

Årsmøte skal heldast innan utgongen av februar månad kvart år.

Stemmerett på årsmøte har alle dei som har betalt medlemskontingenten sin føregåande år.

Årsmøte skal kallast inn med minst 2 –to- vekers varsel, der det skal gjerast kjent kva saker som skal handsamast.

Årsmøte handsamar:

- Årsmelding
- Rekneskap
- Budsjet
- Val av formann for eitt år
- Val av styremedlemmer og varamedlemmer
- Val av valnemnd på 3 –tre personar.
- Val av 2 –to- revisorar
- Alle andre saker som styret legg fram til avgjerd.

Årsmøte gjer sine vedtak med vanleg fleirtal.

§ - 7 Om avvikling

Dersom huset ikkje lenger kan brukast etter desse lover må huset realiserast. Kan det ikkje gjerast ved anten ordinært eller ekstra innkalla årsmøte, so skal Indremisjonssamskipnaden velja eit avviklingsstyre. Midlane skal brukast til å fremja kristent arbeid i bygda, og fordelast mellom Indremisjonssamskipnaden, Norsk luth. Misjonssamband og Normisjon.

§ - 8 Om endring av lovne

Endring i desse lover kan gjerast på årsmøte med 2/3 fleirtal. Framlegg om dette må vera sendt styret seinast 31.12 året før eit ordinært årsmøte(eller minst 6- seks- veker før eit ekstraordinært årsmøte)

§§1a,2 og 8 kan ikkje endrast.

Vedteke på årsmøte 29.01.2010

Endra i følgje vedtak i årsmøte 24.02.2022